

Rapport frå prosjektet :

Førebyggande tiltak mot dyretragediar.

Innhold

Forord	side 2
Innleiing	side 3
Tilrådingar	side 4
Besøksringar og risikobasert tilsyn	side 5
Prosedyre for handtering av bekymringsmeldingar	side 8
Rapport frå ei spørreundersøking om dyretragediar	side 10
Følgeskriv til spørreundersøkinga om dyretragediar	side 18
Spørreundersøking til distriktskontora om dyretragediar	side 20

Forord.

Ved Mattilsynet sitt distriktskontor for Hallingdal har ei prosjeksgruppe arbeidd med temaet : Tiltak for å førebygga dyretragediar. Gruppa har tidlegare presentert ein del av sine synspunkt. I denne rapporten vil ein prøva å få fram eit meir heilheitleg syn på korleis arbeidet med å førebygga dyretragediar kan leggst opp og prøva å grunngje dette. I dette arbeidet har vi konsentrert oss om produksjonsdyr ikkje om hund, katt eller andre kjeledyr.

Prosjektgruppa har hatt fylgjande samansetting :

Julie E. Grimstad	Mattilsynet, RK-Buskerud, Vestfold og Telemark
Svein Furuhaug	Mattilsynet, DK-Hallingdal
Gunnar Lirhus	Buskerud Bondelag
Wilhelm Stake	Gol kommune, landbrukskontoret
Kari Bjørnstad	Mattilsynet, DK-Nedre Telemark
Prosjektleder :	
Ørjan Fresvik	Mattilsynet, DK-Hallingdal

Styringsgruppa for prosjektet :

Liv Engravslia	Mattilsynet, RK- Buskerud, Vestfold og Telemark
Vidar Moen	Mattilsynet, RK-Buskerud, Vestfold og Telemark
Gry Bø	Mattilsynet, RK-Buskerud, Vestfold og Telemark

Kva meiner vi så med ein dyretragedie ? Det er ein hendelse eller ein situasjon der dyr vert funne daude, sterkt avmagra eller medtatte på grunn av mangelfull foring, mangelfull tilgang på vatn eller vanrøkt på andre måtar.

Rapporten er sett saman av ei innleiing og 3 forskjellige artiklar som er skrevne til forskjellig tid og som kan presenterast kvar for seg. Dette fører til ein del gjentakingar.

Gol 06.01.09

Mattilsynet for Hallingdal

Ørjan Fresvik

Seniorinspektør

Innleiing.

Besøksringar

Dette arbeidet starta med at vi utvikla og presenterte ideen om å etablere besøksringar blant husdyrbrukarane som eit opplegg for å førebygga dyretragediar.

Ideen fekk ei blanda mottaking. Blant anna var det nokon av hudyrbrukarane som sa : ”Skal vi måtta gjera dette også? Er ikkje førebygging av dyretragediar Mattilsynet sin jobb?”

Dei har noko rett i det. Dette vart også grunnen til at vi la kursen noko om og byrja å arbeida meir med det som angår Mattilsynet sitt arbeid og innsats på dette området. Då kom vi inn på dette med å arbeida med handtering av bekymringsmeldingar, vidare dette med risikobasert tilsyn frå Mattilsynet si side og ikkje minst denne spørreundersøkinga om dyretragediar.

Risikobasert tilsyn.

Vi utvikla desse tankane omkring risikobasert tilsyn som ein førebyggjande arbeidsmetode for dyrevelferd og mot dyretragediar.

Dersom vi kombinerar besøksringar og risikobasert tilsyn kan vi få eit godt reiskap i dette arbeidet. Det er Mattilsynet som må organisera og planlegga dette arbeidet fordi Mattilsynet kontrollerer og eig Husdyrregisteret som er nøkkelen til å få dette arbeidet i gang og til å driva det vidare.

Besøksringar og risikobasert tilsyn er omtala i eit eige kapittel i denne rapporten.

Felles prosedyre for handtering av bekymringsmeldingar.

Det vart skreive eit saksinnlegg om å få i stand ein felles prosedyre for handtering av bekymringsmeldingar i Mattilsynet. Dette innlegget vart sendt til Nettverksgruppa for dyrevelferd i Region Buskerud, Vestfold og Telemark og vart handsama der.

Vi viser her til referat frå nettverks gruppa si handsaming av saka i møte 27.03.08.

Saksinnlegget er med i denne rapporten. Dette innlegget er skreive som eit forslag til prosedyre for handtering av bekymringsmeldingar ved Distriktskontoret for Hallingdal. Bakgrunnen for at vi tok opp dette temaet om felles prosedyre for handtering av bekymringsmeldingar, var at vi sat med det inntrykket at dei gardsbruka der desse tragediene oppsto, dei visste Mattilsynet om. Vi hadde kanskje hatt tidlegare dyrevernsaker der, eller vi var misnøgde med dyrehaldet der. Kanskje gjekk vi også med uro og ank på kva som kunne koma til å skje. Det som då er viktig, er oppfølginga av ei slik sak etter at det fyrste tilsynsbesøket er gjennomført. I dag organiserer og systematiserer vi ei slik uro. Då kallar vi det for risikovurdering.

Spørreundersøking om dyretragediar.

Vi skulle gjerne vita meir om dei dyretragediane som vi har hatt dei siste åra. Derfor bestemte vi oss for å gjennomføra ei spørreundersøking retta til distriktskontora i Mattilsynet for å få opplysningar om dyretragediene og bakgrunnen for desse.

Rapporten frå spørreundersøkinga er med i denne prosjektrapporten.

Vi var ikkje så veldig overraska over resultata bortsett frå eit par forhold.

1. Vi hadde rekna med å få inn rapportar frå 60 – 70 saker. Vi fekk inn 174 rapportar. Noko av grunnen til dette er nok at vi ba om og fekk inn ein del rapportar om det vi har kalla nestentragedier. Likevel synes vi det vart mange saker.

2. Det var fleire saker enn vi hadde rekna med frå dei bruka som vi visste om, og der vi frykta for at noko kunne koma til å skje.
Vi hadde ei meining om at det var ein del slike saker. Vi vart likevel overraska over kor mange det var.

Det er grunn til å understreka at det er jobba mykje og det er jobba bra med dyrevernsaker ute i distrikta. Det er vanskeleg arbeid og det er krevande arbeid på mange måtar. Vi skjønner at det er ordna opp i mange saker av typen nestentragedier på ein fornuftig måte. Vi har konkrete tilbakemeldingar på det. Det er såleis grunn til å tru at det er fleire saker av typen nestentragedier enn det som kjem fram i vårt materiale.

Bonde- og djuomsorgsgrupper.

I arbeidet med dette temaet kom vi i kontakt med Landbrukets-HMS- tjeneste: Gjennom denne kontakten fekk vi vidare kontakt med det svenske bondelaget (LRF) sitt opplegg : Bonde- og djuomsorgsgrupper. Dette er eit svært bra opplegg som bør studerast nøye også i Norge. Det er eit godt og omfangsrikt arbeid som ligg bak dette. Det viser med kva for alvor og seriøsitet svenskane arbeider med dette problemområdet.

Vi vil oppfordra og utfordra dei norske bondelaga til å organisera tilsvarende norske : Bonde- og dyreomsorgsgrupper.

Slike Bonde- og dyreomsorgsgrupper er også avhengig av at det kjem inn bekymringsmeldingar, men noko av poenget her er å senka terskelen for å senda ei bekymringsmelding.

I dag er det Dyrevernemnda og Mattilsynet som tek imot bekymringsmeldingar. For mange er det ein høg terskel å gå til offentlege myndigheiter med ei slik melding. Det forhold at bondelaga har sitt eige opplegg for å ta imot bekymringsmeldingar, kan for mange vera med på å senka terskelen for å koma med ei melding.

Du finn den svenske Handbok for bonde- og djuomsorgsgrupper her :
www.lrf.se/viarbetarmed/djuomsorg/djuomsorgsgrupper

Tilrådingar :

1. Mattilsynet bør etablera eit opplegg for risikobasert tilsyn som har som føremål å førebygga dyretragediar.
2. Bondelaga i samarbeid med Mattilsynet bør organisera besøksringar blant husdyrbrukarane.
3. Mattilsynet bør innføra ein fast prosedyre for handtering av bekymringsmeldingar.
4. Ei utfordring til bondelaga er å organisera eit opplegg tilsvarende svenskane sitt opplegg : Bonde- og djuomsorgsgrupper.
5. Det bør organiserast og gjennomførast haldningsskapande arbeid for å betra dyrevelferden og for å forhindra dyretragediar.

Førebyggande tiltak mot dyretragediar. Besøksringar og risikobasert tilsyn.

Ei prosjektgruppe jobbar med å lansera tanken om å organisera besøksringar blant husdyrbøndene. Meininga er at bøndene etter ein fastlagt plan skal besøka kvarandre i fjøset. Dette for å styrka fagmiljøet og for å førebygga dyretragediar. Tanken har fått ei blanda mottaking, men i løpet av vinteren og våren har det skjedd ting som aktualiserer tanken, og som gjer at det kan vera meining i å arbeida vidare med den

I løpet av vinteren og våren har vi fått informasjon om fleire nye alvorlege dyretragediar frå ulike stader i landet. Dyr er funne daue på fjøset eller er funne så sterk avmagra og medtatte at dei måtte avlivast. Tiltak for å førebygga tragediar som dette synes å verta meir og meir aktuelle og viktige.

Dei viktige spørsmåla i denne samanhengen er :

Kan risikobasert tilsyn førebygga dyretragediar ?

Kan besøksringar blant husdyrbrukarane kombinerast med eit risikobasert tilsyn frå Mattilsynet si side ?

Kva er risikobasert tilsyn i denne samanheng ? Det er å leggja tilsynet til dei bruka der det er størst fare for at alvorlege dyretragediar kan skje.

Å driva aleine med husdyrbruk.

Det at nokon driv med husdyrbruk aleine er ein risikofaktor i denne samanhengen.

Kva vil det så seia at nokon driv aleine? La meg prøva meg på ein definisjon :

Ein person som driv aleine med husdyrbruk er ein person som i løpet av inneforingsperioden er den einaste personen som er i fjøset og steller dyra i ein eller fleire periodar på 14 dagar eller meir.

Det ligg ein fare i dette ved at ein blandar begrepa ”å driva aleina” og det ”å vera einsam.” Vi les om at bondeyrket er eit einsamt yrke at 2 av 6 bønder føler seg einsame i arbeidet på garden.

Det treng ikkje vera nokon samanheng mellom det å vera einsam og det å driva aleine.

Å vera einsam er ein følelse ein har. Det at ein steller fjøset aleine i kortare eller lengre periodar er ein faktaopplysning.

Mange av dei bøndene eg kjenner som driv aleine er blant dei ivrigaste og dyktigaste på sine felt. Dei kan og vera aktive i lag og organisasjonar, innad i sine næringsorganisasjonar og i lokalsamfunnet. Lite tyder på at dei er einsame.

Kan vi då vera einige om dette :

Det at nokon driv aleine er eit objektivt kriterium som vi kan nytta i vår risikovurdering.

Risikoproduksjonar sett i forhold til dyretragedier

Dette vert ei vurdering av ulike husdyrproduksjonar etter kor mykje besøk det er i fjøset.

Dei som driv med mjølkeproduksjon har mykje besøk i fjøset. Her kjem dei innom både titt og ofte; inseminørar, dyrlegar, produsenttenesta og andre.

På eit bruk der dei kjøper inn oksekalvar for å fora dei fram og levera dei til slakt om godt og vel eit år, er det sjeldan behov for besøk på fjøset. Det kan nok henda at det ikkje er eit einaste besøk på fjøset for enkelte innsett av kalvar. Noko tilsvarande kan truleg skje på bruk der dei kjøper inn smågris og leverer slaktegris.

Vi kan såleis risikovurdera dei ulike produksjonane etter kor mykje besøk dei har i fjøset. Nokon produksjonar skiljer seg klart ut som risikoproduksjonar. Det er produksjon av kjøtt på innkjøpte kalvar. Ammekuproduksjon. Produksjon av slaktegris på innkjøpte smågris. Eg vil også setja delar av sauehaldet i denne gruppa. Det vil vera den delen som ikkje deltek i organisert beitebruk og heller ikkje deltek i den organiserte avlen.

Då har vi to objektive kriterier vi kan driva risikovurdering etter.

Vi får ei risikogruppa : Dei som driv aleine og som driv ein risikoproduksjon.

Her ved Mattilsynet for Hallingdal er vi i ferd med å gjennomføra ein øvelse. Vi har tatt for oss navnelistene frå Husdyrregisteret. Vi har stroke av lista dei navna og dei bruka der vi veit at fleire personar er med på fjøsstellet. På denne måten ynskjer vi å koma fram til dei som driv aleine. Vi vil så setja denne lista opp mot lista over dei som driv risikoproduksjonar.

Etter å ha gått gjennom delar av materialet ser det ut til at vi då vert sitjande att med 10 – 20 % av det opprinnelege antalet navn på lista.

I utgangspunktet har vi knappe 500 navn på lista. No sit vi att med 50 – 100 navn. Dette er eit overkomeleg antal. Desse kan vi besøka ofte.

Kva vil det seia å jobba risikobasert ?

I denne samanheng er det å jobba effektivt og målretta for å hindre at dyretragediar skjer.

Kvifor jobbar vi risikobasert ?

Det er for å nå målet med minst moglege innsats av arbeidstid og andre kostnader.

Dyretragediar skjer lokalt.

Derfor er det i lokalmiljøet vi må setja inn dei førebyggjande tiltaka.

Besøk på fjøsa er eit godt førebyggjande tiltak, kanskje det beste.

Kan vi då kombinera husdyrbøndene sine besøksringar med Mattilsynet sine risikobaserte besøk?

Ja, vi kan setja opp ein plan med månadlege besøk vekslende mellom besøk frå besøksringen, besøk frå Mattilsynet og besøk frå Dyrevernemnda.

Husdyrbrukarane sine besøksringar besøker alle fjøsa.

Mattilsynet besøker dei fjøsa som står på lista etter risikovurderinga.

Dyrevernemnda besøker dei fjøsa som står på lista etter Mattilsynet si risikovurdering i tillegg til dei fjøsa dei vil besøka etter sine eigne planar og vurderingar.

Vi kan då setja opp ein besøksplan som dette for inneforingsperioden:

Oktober : Mattilsynet November : Besøksringen Desember : Mattilsynet

Januar : Dyrevernemnda Februar : Besøksringen Mars : Mattilsynet

April : Mattilsynet

For dyreslag som ikkje er ute på beite må besøksordninga fortsetja i sumarhalvåret. Målet må vera å få besøka spreidde jevnt utover i inneforingstida. Nokon må koordinera og organisera dette arbeidet. Det bør etter mi meining Mattilsynet gjera. Det er Mattilsynet som har det forvaltningsmessige ansvaret for dyrevelferden, medan det er dyreeigar som har det daglege ansvaret for dyrevelferden i sitt fjøs.

Etter at denne artikkelen vart skreven har historien til Karstein Bergset i Rendalen fått mykje oppmerksomheit. Det er bra. Det er ein historie med ein lukkeleg utgang. Vener kom til og hjalp til slik at det som kunne gått riktig så galt ikkje vart nokon tragedie.

I Bondebladet sin reportasje om historien kan ein lesa : **Kamerat kom innom.** Karstein seier : Da kommer en kamerat innom fjøset. Heldigvis – takk Gud for det – han ble ikke sint. Han viste ikke hva han mente om saken. Det var bare en tilfeldighet at han kom innom. Det er en av fordelene i Rendalen. Der går vi inn i fjøset til hverandre. Det er bygdekulturen her.

Det er ein historie som dette som verkeleg får eintil å tru at det er eit organisert og systematisk opplegg med besøk inn i fjøset som verkeleg kan førebygga dyretragediane.

Så var det dette med det gode humøret og gleden.

Her har eg skreve langt og alvorleg om førebygging av dyretragediar. Eg oppmodar husdyrbrukarane om å danna besøksringar. Dei skal gjennomføra bortimot 60 000 fjøsbesøk i året. Det er ikkje lite. Kanskje berre 2-3 av desse besøka vil føra til at nokon må gripa inn og hjelpa til slik at eit husdyrhald vert retta opp og kjem inn att på rett spor. Er det verdt det ? Bondelaget seier i ein resolusjon at dei mange alvorlege dyrevernsakene er ein uholdbar situasjon, at dei ynskjer å endra dette, og at ei alvorleg dyrevernsak er ei for mykje. Vi klarar likevel ikkje å gjennomføra dette i gravalvoret's teikn. Her må den gode hensikt, den gode vilje, det gode naboskap, det gode humøret og gleden vera dei bærande kreftene.

Eit sluttord : Den prosjektgruppa som er nemnt innleiingsvis har samla saman informasjon om ca 170 dyretragedier og det vi har kalla nestentragedier frå heile landet. Dette er informasjon vi har fått ved å senda ut eit spørreskjema til distriktskontora i Mattilsynet. Ved ein foreløpig gjennomgang av materialet kan vi allereide seia at her vil vi få fram mykje kunnskap som kan vera til nytte for oss i det førebyggande arbeidet. Vi reknar med å få ut ein rapport om dette i overgangen august/september 08.

Prosjektgruppa har ikkje sett i gang med å organisera besøksringar. Buskerud Bondelag har sagt seg villig til å delta i eit forsøksopplegg med 2 besøk for kvar inneforingssesong. Vilkåret er då at Mattilsynet gjer jobben og dekkjer kostnadane.

Den motforestillinga bøndene har, er denne angivarrolla som dei føler at dei havnar i når dei skal føra tilsyn med kvarandre.

Ved å gjennomføra avgrensa, lokale prosjekt med besøksringar, vert det vanskeleg å registrera resultatata som då burde vera ein nedgang i antal dyretragedier. Det er i avgrensa lokale områder for få saker

I prosjektgruppa er ein derfor einige om at saka må diskuterast sentralt i bondelaga og i Mattilsynet, og at klarsignal for å arbeida vidare med dette må koma ut frå diskusjonar og avgjerder på det sentrale nivået.

Forslag til :

Prosedyre for handtering av bekymringsmeldingar ved DK Hallingdal.

1. Ei bekymringsmelding kjem inn.
Meldinga vert straks notert ned i bok eller på liste der bekymringsmeldingar skal noterast.
2. Det skal straks vurderast om meldinga er seriøs
Det skal også straks vurderast om det har oppstått ein akutt situasjon som det må reagerast på.

Vurdering av meldingas seriøsitet :

Kjem meldinga frå ei truverdig kjelde ?

Er det som vert påstått i meldinga sannsynleg ?

Vurdering av om det har oppstått ein akutt situasjon :

Er det fare for at dyr døyr eller lir ?

Kan det forholdet det kjem bekymringsmelding om skjulast eller gå over dersom det ikkje vert reagert straks ?

Det skal vurderast om ein eller to personar skal rykka ut på ei melding som vert vurdert som seriøs og akutt.

3. Dersom det ikkje vert reagert straks, skal det reagerast på ei bekymringsmelding ved å ta kontakt med husdyreigaren eller ved besøk hos husdyreigaren innan 2 dagar.

Dersom det ikkje vert tatt kontakt eller gjennomført eit besøk hos husdyreigaren innan 2 dagar skal dette grunnjevast.

4. Oppfølging.
Dersom det ved besøk hos husdyreigaren vert avdekka dyrevelferdsmessige forhold som ikkje er akseptable, skal det setjast i verk tiltak som rettar på dette.
Det skal så vurderast om det er nødvendig med eit oppfølgingsbesøk og eventuelt når dette besøket skal gjennomførast.
Dersom det vert bestemt at det ikkje skal gjennomførast eit oppfølgingsbesøk skal dette grunnjevast.
Det skal også vurderast om det er nødvendig med rutinemessige besøk med faste tidsintervall.

Nokre kommentarar:

1. Spørsmålet om korleis dette skal journalførast vil koma opp. Skal det unntakast offentlegheit ? Dette er eit arbeidsredskap, og eit arbeidsdokument som kan unntakast offentlegheit.
2. Vurdering av seriøsiteten. Bekymringsmeldingar kan vera grunna i nabokrangel eller personleg fiendskap mellom dyreeigarar. Det finnes såleis gjengangar både som

adressatar og avsendarar for bekymringsmeldingar. Dette må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

Kvifor skal det vurderast om 1 eller 2 personar skal rykka ut på det som vert vurdert som ei seriøs og akutt bekymringsmelding? Grunnen må vera at besøk på grunnlag av bekymringsmeldingar ofte vert intense og med høgt konfliktnivå. Det er i slike situasjonar ofte nødvendig og viktig at fleire ser, høyrer og vurderer. Vi er då tryggare på at vi tek dei rette avgjerdene i saka.

3. Oppfølging er viktig. Det er så absolutt Mattilsynet si sak.
4. Det er mi meining at ein prosedyre som dette bør vi setja opp i eit skjema. Som når saka er avslutta kan arkiverast på ein eller annan måte.
5. Det må vera klart at dersom bekymringsmeldinga fører til pålegg eller andre tiltak i dyreholdet må dette journalførast på vanleg måte.
6. Dersom den personen som kom med bekymringsmeldinga etter nokre dagar spør oss kva vi har gjort, kva kan vi svara då?

Det er mi meining at denne personen har krav på å få vita om vi har gjort noko.

Har vi vurdert saka? Ja eller nei.

Har vi tatt kontakt med den bekymringsmeldinga gjeld? Ja eller nei.

Har vi vore på staden? Ja eller nei.

Har vi sett i verk tiltak? Ja eller nei.

Vi skal ikkje gje informasjon om innholdet i tiltaka.

Vi gjev ja/nei – svar på dei spørsmåla som står her.

Annleis vil det vera om bekymringsmeldinga kjem frå ein praktiserande veterinær i området. Han/ho er underlagt taushetsplikt også i ei sak som dette, og vi kan gje meir detaljert informasjon om dei tiltaka som er sette i verk.

Dette forslaget vart oversendt til nettverksgruppa for dyrevern i region Buskerud, Vestfold og Telemarjk 06.02.08 med følgande vedlegg:

I arbeidet med å førebygga dyretragedier kjem spørsmålet om korleis vi handterer bekymringsmeldingar opp. Dette er viktig. Dette er ein viktig kontakt med publikum og med husdyrhaldet. Det er lett synleg. Trør vi feil er dette også lett synleg. Avisa Nationen påstår at i 3 av dei alvorlege sakene vi hadde i 2007, var Mattilsynet allereide inne i saka eller hadde fått bekymringsmelding om saka.

Har de prosedyrer for handtering av bekymringsmeldingar?

Korleis handterer de slike saker?

Er det grunn til å jobba vidare med dette?

Bør vi alle ha eit felles opplegg?

Ved eit seinare høve 20.02.08 sendte vi følgande kommentar:

Begrepet ”bekymringsmelding” byrjar å verta innarbeidd på ulike områder i samfunnet. Publikum og sentrale myndigheiter krev av oss som arbeider på distriktsnivå at vi reagerer på bekymringsmeldingar. Kanskje bør vi ha ein felles måte å reagera på innanfor den enkelte etat?

Denne kommentaren skreiv vi i samband med at Aftenposten 18.02.08 hadde ein omfattande artikkel under overskrifta: ”Barnevernet svikter” Vidare: ”Undersøker ikke bekymringsmeldinger.” Og: ”Fylkesmannen: Urovekkende”.

Dei siste informasjonane vi har fått er at Mattilsynet no jobbar internt med rutinar for handtering av bekymringsmeldingar.

Rapport frå ei spørreundersøking om dyretragediar.

Innleiing

DK Hallingdal starta opp eit prosjekt "Førebyggjande tiltak mot dyretragediar" hausten 2007. I dette arbeidet dukka det opp mange spørsmål om kva vi veit om tidlegare dyretragediar.

Saman med Regionkontoret for Buskerud, Vestfold og Telemark vart vi samde om å gjennomføra ei spørreundersøking internt i Mattilsynet. Grunngevinga for dette var at denne kunnskapen ville vera til nytte i det førebyggjande arbeidet.

Det har lenge vore tale om at Mattilsynet skulle gjera ei gransking av tidlegare saker om dyretragediar. Det har vore lansert to måtar å gjera dette på : 1. Ein gjennomgang av saksdokumenta i tidlegare saker eller 2. Ei spørreundersøking retta mot dei som behandla sakene. Vi valgte eit opplegg med ei spørreundersøking fordi vi såg på dette som den raskaste metoden. Innsamling av saksdokument og kanskje også rettsdokument ville vera omstendeleg og tidkrevande. Gjennomgang av desse dokumenta ville også vera tidkrevande. Undersøkinga vart sendt ut 22. februar 2008. DK Hallingdal mottok det siste svaret 5. juni 2008. Vi hadde då hatt ute ein purrerunde og sette strek for innsamling av materiale.

Vi ba om å få innsendt eit skjema for kvar tragedie. Vi ba også om å få inn skjema for det vi har kalla nestentragediar, begge deler frå og med år 2000 og fram til i dag. Det kom inn 174 svar.

Kva ville vi vita :

Kven er desse dyreeigarane? Korleis driv dei? Driv dei saman med nokon eller aleina?

Kva slags produksjon driv dei med?

Er det mogeleg å få greia på noko om årsaksforholda, noko om bakgrunnen for at det gjekk så galt og enda med ein tragedie?

Når ein sjølv har jobba med dyrevern i ein del år og i tillegg fylgjer med på og får informasjon om tragediar som finn stad rundt om i landet, så sit ein med det inntrykket at vi veit om ein del bruk der vi er misnøgde med tilstandane og der vi kanskje fryktar for at ein dyretragedie kan skje. Spørsmålet vert såleis : Kan vi få fram eit svar på om det verkeleg er slik ?

Resultat.

1. Om dyreeigaren og andre som deltok i husdyrstellet.

1. Om dyreeigaren

1.1	Antall	Prosent
Mann	144	82,8
Kvinne	19	10,9
Mann og kvinne	10	5,7
To eller flere	1	0,6
Sum	174	100

1.2	Gj.snitt
Alder	45,7 (10 skjema tatt ut)

1.3	Gj.snitt
Ant. Personer i husstanden	2,0 (10 skjema tatt ut)

1.4 Deltok andre personer i husdyrstellet	Antall	Prosent
Nei	52	31,3
Ja	38	22,9
Ukjent	76	45,8
Sum	166	100

1.5 Kor ofte deltok andre i husdyrstellet?	Antall	Prosent
Av og til	28	16,9
Mykje	22	13,3
Aldri eller ukjent	116	69,9
Sum	166	100 (8 skjema tatt ut)

(Dei skjema som er tatt ut har ufullstendige opplysningar)

Det er ikkje mange overraskingar her. Dei fleste som driv gardsbruk er framleis menn, og vi vil også tru at 45,7 år ikkje er så langt unna gjennomsnittsalderen for bønder.

Vi har ikkje sett opp nokon grafisk framstilling, men i materialet finn vi ein husdyreigar som er over 80 år og ein som berre er 22.

Gjennomsnittleg bur det 2 personar på kvart bruk, men på 62 bruk er det berre 1 person i husstanden.

På 66 av bruka deltek sjeldan eller aldri andre personar i husdyrstellet.

Det som etterkvart avteiknar seg her er at mange driv aleina.

2. Om dyrehaldet

Nesten halvparten av bruka som er involverte i dyretragediane har sau.

Mjølkeproduksjon og slaktedyr (okser og kviger) er dei neste på lista. Henholdsvis 27,6% og 27,0% av besetningane har disse produksjonane.

Denne tabellen må lesast slik : På 48 av dei 174 bruka som er med i denne undersøkinga var det mjølkeproduksjon på storfe. Dette utgjer 27,6 % av alle sakene i materialet.

På 80 av bruka var det sau. Dette utgjer 46 % av sakene.

På ein del bruk var det fleire dyreslag. Derfor får vi 155,7 når vi legg saman prosenttala.

2. Om dyrehaldet	Antall	Prosent
2.1 Mjølkeproduksjon storfe.	48	27,6
2.2 Ammekuproduksjon	30	17,2
2.3 Slaktedyr okser/kviger	47	27,0
2.4 Mjølkeproduksjon geit	8	4,6
2.5 Ammegeit	7	4,0
2.6 Sau	80	46,0
2.7 Smågrisproduksjon	2	1,1
2.8 Kombinert produksjon gris	5	2,9
2.9 Slaktegris	4	2,3
2.10 Hest	22	12,6
2.11 Fjørfe	9	5,2
2.12 Andre produksjonar	9	5,2
Sum	271	155,7

Antal tragediar pr 1000 besetningar i 8 årsperioden

Vi har prøvd å koma fram til eit uttrykk for kor mange tragediar vi har innanfor kvar produksjon pr 1000 bruk som dreiv med denne produksjonen i denne 8 årsperioden materialet er samla saman. Vi er usikre på kor riktig det er av oss å gjera dette. Det er mange antakelsar her. Vi har som referansemateriale tatt utgangspunkt i Statens landbruksforvaltning sin husdyrstatistikk for 2004 som er midt i den 8 årsperioden då materialet er samla saman. Vi ser at grisen kjem lavt ut og geita kjem høgt ut, men her er det små og usikre tal. Hesten er tatt ut av tabellen. Vi vurderer statistikken for hest som usikker fordi mykje av hestehaldet ikkje er knytt opp mot landbruk og såleis ikkje kjem med i Landbruksforvaltningens sin statistikk.

Dersom vi ser på dei 3 store produksjonane i materialet, mjølkeproduksjon, storfe, sau og ammeku, kan vi kanskje antyda at det er dobbelt så stor sjanse for at det skal oppstå ein dyretragedie innanfor sau- og ammekuproduksjon samanlikna med mjølkeproduksjon, storfe. Det er vanskeleg å få noko fornuftig ut av tala for slaktedyr, storfe fordi mange av dei som driv med mjølkeproduksjon også har rein slaktedyrproduksjon t.d. dei produserer oksar til slakt. I spørreundersøkinga er nok ein større del av dei besetningane som står oppført med ”slaktedyr storfe” reine slaktedyrprodusentar.

Tek vi hensyn til dette vil nok talet for tragediar pr 1000 besetningar for slaktedyr, storfe kanskje koma opp mot tala for sau og ammeku.

Dette kan vera nyttige observasjonar når vi skal risikovurdera husdyrbruka og vidare skal planleggja det førebyggjande arbeidet.

Produksjon	Antal tragediar/ nestentragediar	Antal besetningar i 2004	Tragediar pr 1000 besetningar
Mjølkeku	48	16 908	2,84
Sau	80	17 642	4,53
Ammeku	30	5 326	5,63
Slaktedyr storfe	47	22 974	2,05
Ammegeit	7	546	12,82
Mjølkegeit	8	517	15,47
Gris	7	2 248	3,11
Slaktegris	4	3 919	1,02

3. Om tragedien

Gjennomsnittleg var det nesten 60 dyr på dei bruka som har hatt ein dyretragedie og det var gjennomsnittleg 7 daude dyr på garden då tragedien vart oppdaga. Talet på avliva dyr er ikkje stort, men mange dyr vart sende til slakt. Det er med bruk i alle storleikar i undersøkinga. Tabellen gjev eit uttrykk for omfanget av dei tragediane vi har fått rapport frå i denne 8 årsperioden.

Merk at her er alle dyreslag slått saman, dei store dyreslaga så vel som kaniner og fjørfe. Tabellen gjev såleis uttrykk for kor mange dyreliv som var involvert i tragediane, og korleis det gjekk med dei.

To besetningar med fjørfe er tatt ut av tabellen fordi tala for dei er så store at dei ville dominera heile tabellen.

3. Om tragedien	Antall totalt	Gj.snitt
3.1 Kor mange dyr var det på bruket	9992	58,1
3.2 Kor mange var daude	1182	6,9
3.3 Kor mange vart avliva på staden	277	1,6
3.4 Kor mange dyr vart sende til slakt	3473	20,2
3.5 Kor mange dyr overlevde og vart værande på garden	4222	24,5

(10 skjema tatt ut)

For å visa alvoret og omfanget av sakene kan ein også presentera resultatet på denne måten :

Dette oppsettet viser i **kor mange saker** det vart funne daude dyr og der dyr vart avliva på staden eller der det ikkje vart funne daude dyr, men dyr vart sende til slakt osv

87 saker : Daude dyr funne på fjøset. Dyr kan i tillegg vera avliva på staden. Dyr kan i tillegg vera sende til slakt.

22 saker : Ingen daude dyr funne på fjøset. Dyr vart avliva på staden. Dyr kan i tillegg vera sende til slakt.

21 saker : Ingen daude dyr funne på fjøset. Ingen dyr avliva på staden. Alle dyra sende til slakt. Dvs avvikling av besetninga.

37 saker : Ingen daude dyr funne på fjøset. Ingen dyr avliva på staden. Ingen eller noen dyr sende til slakt. Dvs reduksjon av besetninga. Her finn vi dei fleste nestentragediene. Vi ser også at forbetrande tiltak er sette i verk.

4. Omstende rundt tragedien.

Kven kjem med bekymringsmeldinga?

Av denne tabellen ser vi at det i stor grad er naboane som melder frå om at alt ikkje er som det skal vera.

4.1 Korleis vart tragedien oppdaga? .	Antall	Prosent
Distriktsveterinær	6	3,4
Mattilsynet	13	7,5
Dyrevernemnda	1	0,6
Praktiserende veterinær	11	6,3
Politiet	4	2,3
Produsenttenesta	3	1,7
Landbrukskontor	2	1,1
Naboar	130	74,7
Familie	4	2,3
Sum	174	100

Kommentar til spørsmål 4.8 og 4.9.

Sakene der vi i Mattilsynet visste om at her kunne det gå galt.

Var besetninga i søkelyset på grunn av tidlegare saker ?

Var besetninga risikovurdert som ein stad ein burde ha spesiell oppmerksomheit retta mot ?

Det kjem fram her at vi veit om svært mange av desse besetningane enten på grunn av tidlegare saker eller fordi vi har vurdert dei som risikobesetningar av andre grunnar. Dette gjeld 98 sakar av dei 174 sakene i materialet, dvs 55 %. Vi rekna med at mange av desse sakene er dei som vi kallar nestentragediar, saker der vi kjem inn på eit tidleg tidspunkt og klarar å forhindra det som kunne utvikla seg til ein meir alvorleg sak.

Men mange av desse sakene, heile 57 saker, ser likevel ut til å ha utvikla seg til ei alvorleg tragedie der det enten er funne daue dyr eller dyr straks er avliva når tragedien vart oppdaga.

Dette bør Mattilsynet ta inn over seg : Vi veit om mange av desse bruka der det er fare for at det skal utvikla seg ein tragedie. Kanskje har vi hatt dei i kikkerten lenge. Men så gjer vi ikkje noko med dei eller fylgjer dei ikkje godt nok opp før det er for seint.

Då kjem spørsmålet opp om korleis vi overvakar desse besetningane. Kor ofte besøker vi dei? Har vi jobba godt nok med desse besetningane? Har Mattilsynet kapasitet til å følgja opp så ofte som naudsynt? Alle distriktskontor har bruk der dei ikkje er nøgde med drifta. Skal vi bruke mykje tid på desse og mindre på andre? Kor lenge skal vi rettleia, og når skal vi setja krav for å oppnå betre drift? Det neste vert då : Når skal vi setja ned foten og sørgje for avvikling av drifta? Dette er vanskelege spørsmål og ei utfordring som kvar einskild inspektør må ta stilling til når han/ho er på staden.

Situasjonen er gjerne slik :

1. Vi har fått ei bekymringsmelding.
2. Vi har vore på besøk.
3. Tilstandane er ikkje så bra.
4. Vi har sett i verk forbeholdende tiltak.
5. Vi har kontrollert at tiltaka er gjennomførte.
6. Følger vi så saka vidare ? Kor tett skal vi følgja saka vidare ? Bør vi ha nokon felles prosedyre for dette ?

Tragediar som dukkar opp utan forvarsel.

Så er det dei tragediane som dukkar opp utan noko forvarsel. Kva får vi vita om desse i denne undersøkinga?

Vi kan setja opp denne oversikten :

Gruppe A .

1. Vi har vurdert desse besetningane til at det er ingen fare for at ein tragedie skal oppstå.
2. Vi fann daude dyr på fjøset då tragedien vart oppdaga.
3. Brukaren driv aleine.

I denne gruppa finn vi **18 tragediar**.

Gruppe B.

1. Vi har vurdert desse besetningane til at det er ingen fare for at ein tragedie skal oppstå.
2. Vi fann daude dyr på fjøset då tragedien vart oppdaga.
3. Meir enn ein person er med i drifta.

I denne gruppa finn vi **6 tragediar** .

Tallmaterialet er lite, men på dette spinkle grunnlaget kan ein antyda at det er 3 gonger så stor risiko for at ein tragedie finn stad dersom nokon driv aleine.

Andre forhold:

	Antall	Prosent
4.2 Kom det bekymringsmelding?	144	82,8
4.3 Varsling på andre måtar?	15	8,6
4.4 Var dyrevernemnda involvert?	153	87,9
4.5 Vart saka meld til politiet?	72	41,4
4.6 Fekk saka medieoppmersomhet lokalt?	60	34,5
4.7 Fekk saka medieoppmersomhet i riksmidia?	21	12,1
4.8 Var besetningen i søkelyset pga av tidlegare saker?	77	44,3
4.9 Var dette ei risikobesetning?	89	51,1
4.10 Kom saka opp for domstol?	43	24,7
4.11 Fekk eigaren straff?	48	27,6

5. Bakgrunn for tragedien

Det er to årsaksfaktorar som peikar seg ut : Det er psykiske lidingar og samlivsbrot.. Deretter kjem økonomi og sjukdom. Vi kan ikkje trekke ein enkel konklusjon under dette punktet. Ofte er det eit samansett problem der mange årsaker spelar inn. Til dømes : Kom samlivsbrotet på grunn av psykiske lidingar og alkoholmisbruk? Eller: Førte samlivsbrotet til psykiske lidingar og alkoholmisbruk. Det viktigaste er likevel å få fram at brukaren ofte er sjuk eller i ubalanse når ein tragedie skjer.

I denne tabellen er det for mange av sakene kryssa av for fleire forhold. I 63 saker er det ikkje svara på spørsmålet. Tabellen viser såleis svara frå 111 saker.

Merk : Punkta 5.1 til 5.4 gjeld helsemessige forhold

Punkta 5.5 til 5.7 gjeld økonomiske/sosiale forhold.

5. Bakgrunn for tragedien	Antall saker	Prosent	Prosent av saker (111)
5.1 Psykiske lidingar	47	20,1	42,3
5.2 Alkoholmisbruk	17	7,3	15,3
5.3 Stoffmisbruk	13	5,6	11,7
5.4 Alder, sjukdom,svekkelse, senilitet	38	16,2	34,2
5.5 Samlivsbrot	52	22,2	46,9
5.6 Økonomi	42	17,9	37,8
5.7 Hendingar i nærmaste familie	25	10,7	22,5
Sum	234	100	210,7

Det som er merka rødt er retta og lagt til frå opprennleg rapport.

Diskusjon.

I det materialet som er presentert her er det tale om resultat frå 174 besetningar over 8 år. Det vil seia 22 besetningar pr år fordelt på ca 60 distriktskontor i Mattilsynet. Då vil i gjennomsnitt kvart distriktskontor koma bort i ei sak som dette kvart tredje år. Det vi beskriv her er såleis særtilfelle i husdyrbruket. Det er viktig å vera klar over dette.

Vi vil påstå at det er gjort mykje godt arbeid av dyrevernsmemnder, distriktsveterinærar og Mattilsynet når det vart etablert.

Vi veit at i tillegg til det materialet som kjem fram her, er det gjennomført arbeid som har ført til forbetringstiltak eller som har ført til avvikling av besetningar der tilstandane ikkje har vore tilfredstillande.

Denne spørreundersøkinga er ikkje noko vitenskapleg arbeid. Det er eit forsøk på å samla noko kunnskap og erfaring frå tidlegare saker som kan vera nyttig i det vidare arbeidet med å førebygga dyretragedier. Vi ser i ettertid at vi kunne jobba meir og betre med problemstillingar og spørsmålstillingar.

Vi meiner absolutt at temaet er stort nok og viktig nok til at det burde vera eit forskningsprosjekt verdig.

Det er ein spennvidde på temaet frå praktisk arbeid med husdyrhald til sosiologi, psykologi og helse.

Ei oppsummering, også av kommentarfelta, gjev eit merkeleg innblikk i sakene. Det kjem fram opplysningar som vi ikkje tenkte på å spørja etter, men som likevel gjev nyttig kunnskap:

Spesielt har vi merka oss 18 saker der tilsynet har peika på inkompetanse og mangelfull forståing for dyrehold hos dyreeigaren som årsak til tragedien/nesten-tragedien.

Nokre av brukarane har fått råd om forbetringar, men har likevel fortsett å driva på same måten. Dei har meint at dei har rett, sjølv om tilstanden for dyra har vore svært dårleg.

Det er i nokre saker avdekka holdningar som at : Det døyrr dyr her, ja visst, men dei som skal leva opp dei lever opp. Dette er haldningar som ikkje er i samsvar med godt husdyrhald. Vi kan ikkje driva med husdyrhald på same måte som om vi skulle forvalta eit viltbestand

I holdforskriftene for dei ulike husdyrslaga er det sett opp krav om kompetanse for å kunna driva med husdyrproduksjon. Desse kompetansekrava vert no meir konkrete, og det vil verta krav som husdyrbrukaren må innfri. Dette er viktig.

Ei anna gruppe vi har lagt merke til er 10 saker med sau/villsau og også utegangarkveg der produksjonen kjem ut av kontroll. Lite tilsyn og oppfølging frå eigaren si side har ført til ukontrollert formering og vekst av flokken og til at dyra vert ville, redde og uhandterlege. I fleire av sakane vart det funne daude og avmagra dyr. Fleire dyr i flokken måtte skytast fordi dei ikkje let seg fanga inn.

Til regionkontora og distriktskontora i Mattilsynet

Jnr. 2008/21652

Følgeskriv til spørreundersøkelsen om dyretragediar.

Landbruks- og matdepartementet ved ministeren har pålagt Mattilsynet å arbeida for ”å forebygge og å avdekke store lidelser hos dyr som følge av manglende foring, stell og omsorg.” Dette er spesielt nevnt i budsjettildelingsbrevet for 2008.

Ved fleire anledningar der dyrevern og dyrevelferd har vore temaet, er peika på at det ville vera nyttig å samla kunnskap og erfaringar frå tidlegare dyretragediar og nestentragediar. Med dyretragediar meiner vi her tragediar eller nestentragediar som har oppstått som følge av vanrøkt dvs. mangelfull foring, stell og omsorg. Vi tenkjer ikkje på tragediar som rovviltskadar eller tragediar som oppstår fordi fjøsgolvet fell saman eller liknande forhold som har preg av ulykker.

Det er viktig å få med det som her vert kalla nestentragediar. Det er situasjonar der Mattilsynet/Dyrehelsetilsynet kom inn i tide, (situasjonar der bekymringsmeldinga nådde fram i tide) og der dyrehaldet vart avvikla, eller det vart sett i verk tiltak som retta opp og forbetra forholda for dyra. Dette kan gje nyttig informasjon.

Mattilsynets hovedkontor har gjeve Regionkontoret for Buskerud, Vestfold og Telemark i oppgåve å gjennomføra denne undersøkinga. Vi her ved Distriktskontoret for Hallingdal står for den praktiske gjennomføringa av undersøkinga.

Vi set ein svarfrist til 1. april 2008

Behandling av det innsamla materialet :

Vi vil samla inn alle svara og planlegg å registrera dei inn på eit enkelt rekneark.

Enkelt svar er sjølv sagt unnateke offentlegheit. Det er det samla resultatet for heile landet som er av størst interesse. Truleg vert tallmaterialet for lite til at vi får noko fornuftig ut av å samanlikna regionar. Vi vil planlegg derfor ikkje å gjera det.

Det vi er ute etter er om det finnes fellestrekk ved eigarane, om det finnes fellestrekk ved det dyrehaldet dei dreiv/driv og om det finnes fellestrekk ved eigarane sin livssituasjon då tragedien inntraff.

Det er då å håpa at kunnskap om dette kan hjelpa oss i det førebyggjande arbeidet, og hjelpa oss i planlegginga av eit risikobasert tilsyn.

Hovudkontoret presiserer at vi her handterer sensitive, personlege opplysningar som vil kunne misbrukast dersom dei kjem på avvegar. Derfor er skjemaet unnateke offentlegheit. Derfor sendes utfyllte skjema som rekommandert sending.

Hovudkontoret presiserer også at vi i spørsmål 5 spør om forhold som ligg utanfor tilsynspersonellet kompetanseområde. Det er derfor vi spør om den eller dei som svarar har

nokon formeining om kva som kan vera bakanforliggende årsaker til den personlege tragedien som i tid, som regel ligg i forkant av dyretragedien.

Korleis gjennomfører vi så denne spørreundersøkelsen.

1. Følgeskriv og spørreskjema sendes no til alle regionkontora.
2. Regionkontora sender dette vidare til distriktskontora.
3. Distriktskontora fyller så ut eit skjema for kvar dyretragedie eller nestentragedie dei måtte ha. Dei skriv med penn. Skriv tydeleg.
4. Distriktskontora sender skjemaet tilbake til regionkontoret som rekommandert brev.
5. Regionkontoret passar på at alle har svart.
6. Regionkontoret samlar saman svara og sender dei som rekommandert brev til :

Mattilsynet for Hallingdal
v/ Seniorinspektør Ørjan Fresvik
Gamlevegen 6
3550 Gol

Med helsing
Ørjan Fresvik
Seniorinspektør

Gol 22.02.08

Unnateke offentlegheit.

Spørreundersøkelse til distriktskontora om dyretragediar.

Det er dette vi vil prøva å finna ut :

Finnes det nokon fellestrekk ved dei dyretragediane vi har hatt dei siste 8 åra , dvs frå og med **år 2000.**

Vi er interessert i å få informasjon om dei alvorlege tragediane som resulterte i politianmeldelse og medieoppmerksomheit. Vi er også interessert i det som vi kan kalla nestentragediar som ikkje vart anmelde, som ikkje fekk medieoppmerksomheit men som likevel førte til at husdyrdrifta vart avvikla, eller der det vart sett inn nødvendige tiltak for å få drifta inn i normalt gjenge.

Har de hatt fleire tragediar innan dykkar distrikt ber vi dykk ta kopi av dette skrivet og fylla ut eit eksemplar for kvar sak.

1. Om dyreeigaren :

Mann/Kvinne :

Alder då tragedien fann stad :

Antall personar i husstanden på garden :

Deltok meir enn ein person (eigaren) i husdyrstedet :

Kor ofte deltok andre (familie, vener, avløyssarar) i husdyrstedet :

2. Om dyra : Kva slag produksjon og kva for dyreslag var involvert i dyretragedien :

Mjølkeproduksjon storfe :

Ammekuproduksjon :

Framføring av slaktedy, oksar/kviger :

Mjølkeproduksjon geit :

Ammegeitproduksjon :

Sau :

Smågrisproduksjon :

Kombinert produksjon, gris :

Rein slaktegrisproduksjon, på innkjøpt smågris :

Hest :

Fjørfe :

Andre produksjonar :

3. Om tragedien :

Kva slag og kor mange dyr var det på bruket :

Kva slag og kor mange dyr var daude :

Kva slag og kor mange dyr vart avliva på staden :

Kva slag og kor mange dyr vart sende til slakt :

Kva slag og kor mange dyr overlevde og vart verande på garden :

4. Omstendigheiter rundt tragedien :

Korleis vart tragedien oppdaga :
Kom det inn bekymringsmelding om saka :
Vart det varsla på andre måtar :

Var dyrevernemnda involvert i saka :
Vart saka anmeldt til politiet :
Fekk saka medieoppmerksomheit lokalt :
Fekk saka medieoppmerksomheit i riksmidia :
Var besetninga i søkelyset pga tidlegare saker :
Var besetninga risikovurdert som ein stad ein burde ha spesiell oppmerksomheit retta mot :
Kom saka opp for domstol :
Fekk eigaren straff :

5. Har de nokon formeining om bakgrunnen for den personlege tragedien ?

Psykiske lidningar t.d. depresjon :
Alkoholmisbruk :
Stoffmisbruk :
Alder, sjukdom, svekkelse, senilitet :

Var det i forkant av dyretragedien alvorlege hendingar som ramma husdyreigaren og som kunne vera ein utløysande faktor for dyretragedien :
(Hendingar som : Samlivsbrot, økonomisk krise, sjukdom, ulykker eller dødsfall i familien eller blant nære venner.)

Andre forhold :

6. Andre kommentarar til saka :

Skriv tydeleg.